

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020

### Ekstraløyving til Vestlandsutstillingen for budsjettåret 2020

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på 100 000 kroner til Vestlandsutstillinga (org.nr. 979 467 508) frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto (Kontostreng: 100110.149000).

### Samandrag

Avdeling for kultur, idrett og inkludering vart i mars kontakta av Vestlandsutstillinga v/ dagleg leiar Anneli Belsvik Aras om at eit nedtrekk i driftstilskotet deira frå Vestland fylkeskommune gjev dei stor grunn til bekymring for driftsåret 2020. Vestlandsutstillinga har tidlegare fått driftsstønad frå både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar på høvesvis 152 000 kroner og 100 000 kroner. I arbeidet med budsjettsamanslåinga har det ved ein inkurie ikkje blitt rekna med 100 000 kroner til Vestlandsutstillinga frå Sogn og Fjordane sin driftsstøtte i budsjettframlegget til Vestland fylkeskommune. Vestlandsutstillinga skulle ha vorte innstilt med 260 000 kroner frå Vestland fylkeskommune og ikkje 160 000 kroner for budsjettåret 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

### Om Vestlandsutstillingen

Vestlandsutstillingen er ei årleg turnerande utstilling med verk av kunstnarar som har tilknyting til Vestlandet. Utstillinga skal vise fram samtidskunst av høg kvalitet som speglar den vestlandske kunstscena slik den går føre seg i lokale, nasjonale og internasjonale kontekstar ut mot resten av landet, samtidig som den skal engasjere publikum og fremme samtidskunst lokalt. Utstillinga er eit nasjonalt vindauge utad for kva som skjer på kunstscena i vest.

Vestlandsutstillingen vart etablert i 1922 og er såleis den eldste landsdelsutstillinga med fri innsending. Følgjande visningsstader er planlagt for året 2020:

- 31.01.-01.03: Jugendstilsenteret & KUBE, Ålesund
- 07.03.-29.03: Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde
- 24.04.-24.05: Haugesund Billedgalleri, Haugesund
- 18.06.-26.07: Kunsthall Stavanger, Stavanger
- 05.09.-04.10: Kunsthuset Kabuso, Øystese
- 15.10.-08.11: Kunstgarasjen, Bergen

I Vestlandsutstillingen 2020 har kurator Elise By Olsen teke utgangspunkt i førestillingar om det «typisk» norske i møte med det «typisk» internasjonale innan samtidskunst. Det vestlandske landskap er levande nasjonalromantikk som til eikvar tid er synleg for området sine kunstnarar og dermed uunngåeleg. By Olsen interesserer seg for korleis landskapet formar kunsten den dag i dag. Samstundes lever vi i ei tid der det er enkelt å delta i kunstnarlege diskursar utanfor sin lokale eksistens. I kjølvatnet av ein digital revolusjon, som nettopp er fri for mentale og fysiske avgrensingar gjennom tid og rom, spør kuratoren seg om det går an å tenkje nasjonalromantikk på nytt? Til svar har ho valt ut kunstnarar som går i nær dialog med sine omgjevnader - gjennom organiske prosessar, tidskrevjande metodar og handfaste materialar. I Vestlandsutstillingen 2020 vert forventingar om kuratorisk heilskap og geografisk tilhørsle forkasta til fordel for spontane, og overraskande analoge, spenningar mellom materialar, verk og publikum (Jugendstilsenteret & KUBE)

Kunstnarane i 2020 er Ananda Serné, Catalina Aguilera, Eli Maria Lundgaard, Hans-Marius Pilskog Giske, Inga S. Søreide, Jan Kåre Ruud, Matias Kiil, Marit Silsand, Sofia Heinonen, Sofia Eliasson, Steinar Haga Kristensen, Thor Tao, Tore Winsents, Urd J. Pedersen og Vilde Salhus Røed.

### Driftsstøtte for 2020

Avdeling for kultur, idrett og inkludering fekk 11.03.20 følgjande e-post frå Anneli Belsvik Aras, utstillingsleiar for Vestlandsutstillingen:

Me takkar så mykje for kr. 160 000 i driftsstønad til Vestlandsutstillingen 2020 frå Vestland fylkeskommune.

Samstundes gjev det oss grunn til bekymring, då me i 2019 fekk kr. 152 000 frå Hordaland fylkeskommune, og kr. 100 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Som de skjønar betyr dette i realiteten ein reduksjon i vår driftsstønad med kr. 92 000 for inneverande år. Me føler at tildelinga er i strid med dei signal me har fått i vår dialog med HFK og SFK, der det har vore signalisert at me ikkje trøng frykte noko reduksjon i driftsstønaden.

Samla driftsstønad frå alle 4 vestlandsfylka var i 2019 var følgjande:

Rogaland kr. 142 000

Hordaland kr. 152 000

Sogn og Fjordane kr. 100 000

Møre og Romsdal kr. 130 000

**Totalt kr. 524 000**

Kr. 92 000 i reduksjon av vår driftsstønad er såleis ein svært dramatisk nedgang i vårt driftsbudsjett. Det er snakk om nær 18% av vårt driftsbudsjett, og det vil tvinge oss til å iverksetje innsparingstiltak ganske umiddelbart.

Det set vårt pågåande utviklings- og profesjonaliseringssarbeid i fare, og kan på sikt få uheldige konsekvensar for fleire av våre samarbeidspartnalar.

Fins det nokon som helst mogelegheit for endring i vedtak om tildeling?  
Vil det vere mogeleg for meg/oss å få eit møte med dykk i nær framtid for å leggje fram vår sak? Det vil vere viktig å få klarheit i situasjonen så snart som råd, då me truleg må førebu ei sak til vårt årsmøte som finn stad 8.mai. (og innkalling skal ut 1 mnd. i forkant).

Eg legg ved rapport frå fjarårets kurator av Vestlandsutstillingen, Marte Danielsen Jølbo, for info om fjarårets arbeid.

Ser fram til å høyre frå dykk!

Beste helsing  
**Anneli Belsvik Aras**  
Utstillingsleiar for Vestlandsutstillingen

Nemnte rapport frå fjarårets kurator av Vestlandsutstillingen er vedlagt denne saka.

Dei 152 000 kronene frå Hordaland fylkeskommune sitt budsjett vart auka med 8 000 kroner i Vestland fylkeskommune. Men, i det vidare arbeidet med budsjettsamanslåinga vart ved ein inkurie ikkje 100 000 kroner frå Sogn og Fjordane sitt driftsbudsjett inkludert i Vestland fylkeskommune si handsaming av driftsstønad til Vestlandsutstillinga. Innstillinga til driftsstøtte til Vestlandsutstillingen skulle ha vore 260 000 kroner frå Vestland fylkeskommune og ikkje 160 000 kroner for budsjettåret 2020.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Støtta vil ikkje ha negativ effekt på driftsresultat, lånegjeld eller disposisjonsfond.

**Klima:** Prosjektet vil ikkje ha negativ verknad for klima.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremaål.

Konklusjon

Eit sterkt og fritt kulturliv er grunnleggande i eit levande og sunt samfunn. Kunstopplevingar er til glede og gagn både for enkeltmenneske og ámenta. Det er difor påkravd å legge til rette for at alle får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket. Særleg viktig er det å stimulere til å auke interessa for og opplevinga av samtidskunsten som er vår eiga tids kunst. Vestlandsutstillingen er eit særskilt element i infrastrukturen for kunstfeltet i Vestland. For at utstillinga skal ha livets rett er den avhengig av god vidareutvikling, vilket m.a. inneber stabile driftsinntekter.

Fylkesrådmannen tilrår difor at Fylkesutvalet løyver eit eingongstilskot på 100 000 kroner til Vestlandsutstillinga for inneverande budsjettår.